

## Bakgrunn

Individuell jobbstøtte er eit samarbeid mellom:

NAV Hareid – Ulstein – Sande

NAV Ørsta - Volda

NAV Herøy - Vanylven

Teneste for psykisk helse og rus i Hareid, Ulstein, Sande, Ørsta, Volda, Herøy og Vanylven.

Volda DPS – ACT Myrvåg

Individuell Jobbstøtte er finansiert av

Helsedirektoratet, helseføretaket og kommunane




Det er tre faste kriteria som utgjør grunnlaget i tenesta:

1. Alle skal få betalt for det arbeidet dei utførar.
2. Målet er ordinær tilsetting.
3. Inga tidsavgrensing på støtte i ein arbeidssituasjon (både til arbeidsgjevar, kollegaer og arbeidstakar)

**Følg oss:**

**SSIPS.no**

**Facebook.com/ssunmoreips**



## Individuell jobbstøtte

*IPS-programmet*



***Er du motivert for å kome ut i arbeidslivet, men treng hjelp til å kome i mål?***

***IPS-programmet hjelper deg å finne den rette jobben!***

## Kven kan delta?

Individuell jobbstøtte er hovudsakleg for deg mellom 16 og 35 år, med psykiske utfordringar og/eller rusproblematikk som ynskjer å samarbeide med ein jobbspesialist for å finne ein jobb du trivast i.

Tenesta er eit tilbod for innbyggjarane i Hareid, Ulstein, Sande, Ørsta, Volda, Herøy og Vanylven kommune, og du må vere tilknytt enten Teneste for psykisk helse og rus i ein av desse kommunane, eller Volda DPS –ACT Myrvåg for å kunne delta.

Jobbspesialistane er opptekne av dine behov, og av kva du treng for å lykkast i jobbsøkingprosessen.

Sjølv om du aldri har vore i arbeid har du personlege eigenskapar, interesser og ferdigheiter som gjer at det er nettopp deg arbeidsgjevar er på utkikk etter.

## Innhald:

Innhaldet er basert på fem steg:

1. Innleiande kontakt og samarbeid med ein jobbspesialist
2. Yrkes- og karriereplanlegging
3. Finne passande jobb
4. Samarbeid med rett arbeidsgjevar
5. Opplæring og støtte på arbeidsplassen

## Jobbspesialisten kan bidra med:

- Å gjere deg medviten på eigen kompetanse og eigne ferdigheitar
- Å bygge relasjonar med arbeidsgjevarar på dine vegne
- Å vere ein pådrivar, medspelar og rettleiar
- Å utarbeide CV og jobbsøknad
- Intervjutrening
- Oppfølging under arbeid

## Korleis kome i gang?

Ta kontakt med din behandlar i enten: Teneste for psykisk helse og rus i kommunene Hareid, Ulstein, Sande, Ørsta, Volda, Herøy, Vanylven eller Volda DPS – ACT Myrvåg

Din behandlar vil gi deg naudsynt informasjon og hjelpe deg med innsøking

